



# Besl. O. nr. 110

(2008–2009)

## Odelstingsbeslutning nr. 110

Jf. Innst. O. nr. 97 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 42 (2008–2009)

År 2009 den 10. juni holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endring i tomtfestelova

### I

I lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste skal § 37 første ledd lyde:

Ved innløsning av tomt som er festa bort til bustadhus eller fritidshus, skal innløysingssummen vere 25 gonger årleg festeavgift etter regulering på innløysingstida, om ikkje ein mindre innløysingssum er avtalt. Om ikkje anna er avtalt, kan *bortfestaren* likevel krevje at innløysingssummen for andre tomter enn dei som er festa bort på uavgrensa tid utan oppseiingsrett for bortfestaren, skal vere 40 prosent av

tomteverdet på innløysingstida med frådrag for verdauke som festaren har tilført tomta med egne tiltak eller tilskott til tiltak som er gjort av andre. Tomteverdet må ikkje setjast høgare enn det tomta kan seljast for om det berre er tillate å setje opp det eller dei husa som er på tomta.

### II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan gi overgangsreglar.

**Berit Brørby**  
president

**Asmund Kristoffersen**  
sekretær

